

# Referat frå møte i Ungdomsrådet



**Tid:** 20.02.2019, kl 14:30 - 15:30

**Frammøte:** Formannskapsalen

**Møteleiar:** Ina Lien Rykkje, leiar

**Gyldig fråfall meldast snarast til: Siri Marie Erland**  
**epost: siri.marie.erland@stord.kommune.no**

1. Opprop
2. Godkjenning av innkalling og referat
3. Godkjenning av dagsorden
4. Gjennomgang av referatsaker
5. Økonomi
6. Orientering:

- Fylkestinget 15.-17. februar – kjekk orientering ved Ingrid som var i Bergen på møte; siste møte i Hordaland fylkesting, neste gong er det Vestland.

## 7. Saker:

- Hugs å ha med skriftleg samtykke frå føresette neste møte om du ikkje leverte det til Siri i dag.
- Nytt bilete til nettsida og Facebook vert utsett til neste gong når fleire er til stades.
- Siri orienterte om ny rutine for høyringsaker i Stord ungdomsråd slik at rådet får tilsendt saker på høyring på lik linje med andre råd og innkalling/ referat vert lagra i same system som dei andre råda.
- Simen Almås – Ina orienterte om at Simen kjem 24/9. Dei har leigd storsalen i kulturhuset frå kl 9-12. Det er 10 trinn som kjem. Ina sender pris for leige til Siri som har oversikt over økonomi. Kva med transport? Heile ungdomsrådet er med på å arrangera føredraget fordi om dei ikkje går i 10. klasse.
- Nysæter ungdomsskule – innspel frå Miriam på sist møte om at Stord ungdomsråd må engasjera seg: Denne saka vert utsett til neste møte når Miriam er med.
- Høyring – «Forskrift om råd for eldre, for personer med funksjonsnedsettelse og for ungdom» (sjå to vedlegg i e-post): Ungdomsrådet har ikkje innspel.
- Innspel til «Områderegulering Frugarden» – les på nettet:  
<https://www.stord.kommune.no/omraaderegulering-frugarden-gnr-27-bnr-1-mfl-oppstart-av-planarbeid-og-hoeyring-av-planprogram.6180387-425576.html>

Ungdomsrådet vil koma med eit høyringsinnspel som handlar om å ta vare på naturmangfaldet med tanke på dyr/ hjort som er i området som skal regulerast. Siri sender det inn innan 25. februar.

- Sak frå Hardanger ungdomsråd v/ Trude Rinaldo om lovbestemt responstid for ambulanse (e-post med vedlegg): Stord ungdomsråd støttar denne saka og kan gjerne stå saman om budskapet frå Hardanger ungdomsråd. Siri sender e-post til Trude Rinaldo om dette og gir Trude e-post til Ingrid som vil vere kontaktperson i denne saka.
- Innspel frå Svein Olav Langåker: Kan det vera aktuelt for Ungdomsrådet å laga ein debatt før valet til hausten?
- Innspel frå Svein Olav Langåker: Skal me laga eit regionalt ungdomsråd for ungdomsråda i Sunnhordland?

Ungdomsrådet er positive til begge sakene frå Svein Olav Langåker og vil gjerne invitere han til neste møte i Stord ungdomsråd for å legge planar.

### **Ymse**

Ina legg ut sak/ førespurnad frå Redd Barna i Facebookgruppa, så kan dei som er interesserte i å vere med, melde seg der.

Iselin snakka om folkehelsedagane. Ungdomsrådet planlegg eit ekstra møte i kantina på rådhuset **onsdag 6. mars kl 15** for å snakke om dialogmøtet dei skal vere med på å arrangere. Dei ynskjer og å ta opp saka med genserar og kanskje ha dei klare til mai.

### **Merk:**

Minnar om at det er obligatorisk å møta i ungdomsrådet for representantane. Dersom du ikkje kan koma, må du snarast gje melding om dette til Siri. Vararepresentantane kjem dersom dei vil sjølv. Dei får beskjed dersom dei blir kalla inn som representantar, og det er då obligatorisk å møta.

E-post: [siri.marie.erland@stord.kommune.no](mailto:siri.marie.erland@stord.kommune.no) eller mobil 91150400